



Røde Kors Hordaland  
Sandbrekkeveien 95  
5225 NESTTUN

Dato: 12.03.2014  
Vår ref.: 2014/12056-2  
Saksbehandlar: marhaa5  
Dykkar ref.:

## Tilskot til sommarskule/leksehjelp for elevar i vidaregåande skular i Hordaland 2014

Vi viser til søknad frå Røde Kors Hordaland om støtte til drift av sommerskule og leksehjelp for elevar i vidaregåande skule i 2014. Vi viser også til møte med Petter Borthen 5.03.

Aktiviteten i sommarskulen er planlagt til Bergen, på Askøy og Knarvik. Tilbodet skal omfatte matematikk for studieretta og yrkesretta vg1, med høve til ny eksamen for elevar med stryk, samt tilbod om norskopplæring. Opplæringsavdelinga står for tilsetjing og løn til lærarar. Planlegging skjer i samhandling med P. Borthen på seksjon skule som tidlegare.

Siste skuleår deltok i rundt 700 elevar i tilbodet. I 2014 vil Bergen, Askøy, Fana, Arna, Åsane, Voss, Bømlo og Øystese ha tilbod om leksehjelp i samarbeid med vidaregåande skular. I Bergen er tilbodet m.a. lokalisert på Bergen offentlege bibliotek og på Røde Kors-huset. Nokre plassar, i Øystese og på Askøy har det vore lite deltaking frå elevar. Det kan vere grunnlag for å vurdere tilbod andre plassar. Det er viktig at samarbeidet med elevråd og elevinspektørar held fram i utforminga av tilbodet om leksehjelp.

Vi gir med dette Røde Kors Hordaland tilsegn om tilskot på inntil **kr. 900.000** til aktivitetar i tråd med oppsette planar i 2014.

Beløpet vil bli tilvist frå opplæringsavdelinga halvårsvis etter faktura frå Røde Kors Hordaland. Vi ber om rapport for verksemda ved utgangen av 2014 med tal på elevar i vidaregåande opplæring om deltar i leksehjelpaktiviteten.

Vi ser fram til eit fortsatt godt samarbeid om sommarskulen i 2014.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Marianne Haaland  
seniorrådgivar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*